

Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune

Innhald

GENERELT OM DELEGASJON	3
Retningslinjer for bruk av fullmakt.....	3
Å trekkja attende fullmakt.....	3
Rett til å gjera om vedtak	3
Rett til å handsama klage som underinstans	3
Rett til å la vera å nytta delegert mynde.....	3
Vidaredelegering	3
Innhald	3
A. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN	3
REGLEMENT FOR FYLKESTINGET	3
1. Samansetjing	4
2. Oppgåver	4
3. Sakshandsaming.....	5
4. Førspurnader	5
5. Klage.....	5
REGLEMENT FOR UTVALA.....	5
1. Samansetjing	6
2. Oppgåver	6
3. Arbeidsform.....	7
4. Sakshandsaming.....	7
REGLEMENT FOR FYLKESUTVALET	7
1. Samansetjing	7
2. Oppgåver	7
3. Avgjerd i hastesaker.....	8
4. Fullmakt til fylkesordføraren	9
5. Reglar for sakshandsaming	9
REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVALET	9
1. Samansetjing	9
2. Oppgåver	9
3. Sakshandsaming.....	9
4. Lønsutval	9
REGLEMENT FOR KLAGENEMNDA	10
1. Samansetjing	10
2. Oppgåver	10
3. Saksførebuing	10
4. Sakshandsaming.....	10
5. Klagenemnda sin kompetanse. Grunngeving. Omgjering.	10
REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET	11
1. Samansetjing	11
2. Sakshandsaming.....	11
REGLEMENT FOR FYLKESVALSTYRET	11

1. Samansetjing	11
2. Oppgåver	11
3. Sakshandsaming.....	11
REGLEMENT FOR UNGDOMMENS FYLKESTING	11
1. Samansetjing	11
2. Oppgåver	11
3. Arbeidsform.....	12
4. Sakshandsaming.....	12
REGLEMENT FOR SAKSHANDSAMING	12
1. Målform	12
2. Inhabilitet.....	12
3. Teieplikt.....	13
4. Tolking av reglement.....	13
5. Møteprinsippet	13
6. Opne møte	13
7. Møtebok 13	
8. Sekretariat. Saksførebuing. Fylkesrådmannen si rolle i møtet.	14
9. Innkalling. Sakliste	14
10. Forfall	14
11. Vedtaksført organ.....	14
12. Opning	14
13. Førehaving av saker	14
14. Ordskifte. Taletid. Møteleiar si deltaking	15
15. Forslag	15
16. Røysting.....	15
17. Oversendingsforslag	16
18. Ny førehaving av avgjort sak.....	16
19. Spørsmål.....	16
20. Deputasjonar	16
21. Orienteringar	16
22. Partsinteresse	16
23. Lovlegkontroll	16
B. DELEGASJON TIL FYLKESRÅDMANNEN	17
1. Økonomi.....	17
2. Personalforvaltning	17
3. Gjeremål fastsett i særlov	17
4. Utanrettslege pengekrav	17
5. Underskriftsfullmakter	18
6. Mynde som underinstans	18
C. DELEGASJON ETTER SÆRLOV	18
D. DELEGASJON PÅ VEGSEKTOREN	32

INNLEIING

Føremål

Delegasjonsreglementet er fylkeskommunen sitt interne regelverk om kva organ som har mynde til å ta avgjerd på fylkeskommunen sine vegne.

Gjennomgang av reglementet

Delegasjonsreglementet vert gjennomgått minst ein gong i kvar valperiode innan 31. desember året etter at fylkestinget vart konstituert, jfr. kommunelova § 39 nr. 2. I mellomåra legg administrasjonen om naudsynt fram sak om revisjon som følgje av eventuelle lov- og regelendringar.

GENERELT OM DELEGASJON

Retningsliner for bruk av fullmakt

All delegert mynde skal nyttast i samsvar med reglar om sakshandsaming som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk, og må liggja innanfor plan- og budsjettrammer som er vedtekne av fylkestinget eller anna overordna fylkeskommunalt organ.

Å trekkja attende fullmakt

Det delegerande organ kan når som helst trekkja attende fullmakter som er gjeve. Når forholda tilseier det, kan eit overordna organ før vedtak er gjort, krevja saka lagt fram for seg til avgjerd, sjølv om saka skulle ha vore avgjort av underordna organ i følgje delegert mynde.

Rett til å gjera om vedtak

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjera om eit vedtak gjort av eit underordna organ i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.

Rett til å handsama klage som underinstans

Den som har fatta vedtak er underinstans i samband med handsaming av klage.

Rett til å la vera å nytta delegert mynde

Den som har fått delegert mynde, kan i særlege høve la overordna organ ta avgjerd i ei konkret sak.

Vidaredelegering

Delegert mynde kan delegerast vidare dersom ikkje anna er sagt.

Innhald

- A. Reglement for folkevalde organ
- B. Delegasjon til fylkesrådmannen
- C. Delegasjon etter særlov
- D. Delegasjon på vegsektoren

A. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

REGLEMENT FOR FYLKESTINGET

Fylkestinget er det øvste fylkeskommunale organet og skal ta seg av alle oppgåvene som fylkeskommunen har ansvaret for. Som øvste organ gjer det vedtak på vegner av fylkeskommunen så langt ikkje anna følgjer av lov, forskrift eller delegasjonsvedtak.

Fylkestinget har ansvar for å fastsetja overordna mål og langsiktige retningslinjer for utviklinga i fylket. Organet har og ansvaret for den fylkeskommunale tenesteproduksjonen.

Fylkestinget har det overordna tilsynet med og ansvaret for at den fylkeskommunale verksemda er effektiv og tenleg for innbyggjarane i fylket.

Fylkestinget skal vurdere om dei fastsette måla er innfridde.

1. Samansetjing

Fylkestinget har 57 medlemmer med varamedlemmer, valde i samsvar med Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)

2. Oppgåver

Fylkestinget gjer vedtak i saker om:

2.1 Overordna planlegging og regional utvikling

- 2.1.1 Regional planlegging, plan- og bygningslova §§ 7-1 og 8-1
 - vedtek regional planstrategi
 - vedtek regionale planar
 - vedtek handlingsprogram for regionale planar
 - vedtek overordna strategiar for prioriterte utviklingsområde
- 2.1.2 Fylkeskommunal planlegging av eiga verksemd (tenesteproduksjon)
 - fastset mål og strategiar for eiga verksemd
 - utarbeider og vedtek handlingsplan/langtidsplan/retningslinjer
- 2.1.3 Økonomisk planlegging og budsjettering, jfr. kommunelova §§ 44 og 45
 - økonomiplan og årsbudsjett
- 2.1.4 Resultatvurdering
 - årsrekneskap, jfr. kommunelova § 48
 - årsmelding, jfr. kommunelova § 48

2.2 Organisering og retningslinjer

- 2.2.1 Fastsetjing av medlemstal i fylkestinget, jfr. kommunelova § 7
- 2.2.2 Oppretting/omorganisering/nedlegging av faste politiske utval, jfr. kommunelova § 10
- 2.2.3 Oppretting og nedlegging av styre-, jfr. kommunelova § 11
- 2.2.4 Innføring og oppheving av parlamentarisme, jfr. kommunelova § 18
- 2.2.5 Overføring av tariffavtalemynde, jfr. kommunelova § 28
- 2.2.6 Overføring av oppgåver og mynde til vertskommune § 28e
- 2.2.7 Vurdering av forslag frå innbyggjarane § 39a
- 2.2.8 Vedtak om rådgjevande lokale folkerøystingar § 39b
- 2.2.9 Reglement for folkevalde organ, jfr. kommunelova §§ 8, 10 og 39
- 2.2.10 Reglement for godtgjerse til folkevalde, jfr. kommunelova §§ 41 og 42
- 2.2.11 Pensjonsordning for folkevalde, jfr. kommunelova § 4
- 2.2.12 Reglar for føring av møtebøker, jfr. kommunelova § 30
- 2.2.13 Retningslinjer for tilsette sin møterett, jfr. kommunelova § 26
- 2.2.14 Reglement for folkevalde sin innsynsrett, jfr. kommunelova § 40 nr. 5

2.3 Tilsetjing

- 2.3.1 Tilsetjing av fylkesrådmann, jfr. kommunelova § 22, og val av revisor, jfr. kommunelova § 78
- 2.3.2 Om tilsetjing i leiande stillingar skal skje på åremål, jfr. kommunelova § 24

2.4 Val

- 2.4.1 Val av medlemmer og varamedlemmer til fylkesutvalet, jfr. kommunelova § 8
- 2.4.2 Val av fylkesordførar og fylkesvaraordførar mellom fylkesutvalet sine medlemmer, jfr. kommunelova § 9
- 2.4.3 Val og suppleringsval av medlemmer og varamedlemmer til utvala, administrasjonsutvalet, kontrollutvalet, klagenemnda og fylkesvalstyret, jfr. kommunelova §§ 10, 25 og 77, forvaltningslova § 28 og vallova § 4-3.
- 2.4.4 Val av leiar og nestleiar mellom organa sine medlemmer, jfr. kommunelova § 10
- 2.4.5 Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jfr. likevel reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.6.

Valnemnd

Fylkestinget vel i det konstituerande møtet, etter innstilling frå fylkesutvalet, ei valnemnd for heile valbolken. Valnemnda bør ha 11 medlemmer som reflekterer styrkeforholdet i fylkestinget. Det er eit mål at alle partia skal vera representerte i valnemnda. Kvar partigruppe får 1 varamedlem meir enn partigruppa har medlemmer i nemnda.

Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget og saker om val av skjønnsmannsutval.

3. Sakshandsaming

For fylkestinget gjeld reglement for sakshandsaming.

Opningstalar

Etter fylkesordføraren og fylkesrådmannen sine opningstalar er det høve til ordskifte om ikkje fylkestinget vedtek noko anna. Taletida for kvart innlegg bør vera avgrensa til tre minuttar og samla tid for ordskiftet til ein time.

4. Førespurnader

Kvart medlem i fylkestinget og varamedlem som reknar med å delta i møtet, kan retta førespurnad til fylkesordføraren i saker som ikkje er nemnde i innkallinga. Innkomne førespurnader vert refererte ved opninga av fylkestinget. Førespurnadene bør handsamast ved starten av tingseta eller som første post andre dagen. Dette skal gå fram av kjøreplanen. Førespurnadene vert handsama i den rekkjefølgja dei kjem inn.

Det må gå klart fram av spørjaren si oversending om førespurnaden er ein interpellasjon eller eit spørsmål. Er det tvil, avgjer fylkesordføraren korleis førespurnaden skal handsamast.

Interpellasjon

Dette er førespurnader som gjeld prinsipielle og/eller grunngjevne spørsmål som spørjaren ønskjer debatt om. Interpellasjonar må meldast skriftleg til fylkesordføraren innan 4 yrkedagar, laurdag ikkje medrekna, før tingsamlinga tek til.

Ved handsaming av interpellasjonar kan spørjaren og fylkesordføraren eller den han peikar ut til å gi svar, få ordet to gonger. Interpellanten kan ha ordet andre gongen enten etter at han har fått svaret eller til sist under debatten. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong. Taletida er avgrensa til 5 minuttar for første innlegg frå spørjaren og den som svarar på interpellasjonen. Elles er taletida avgrensa til 3 minuttar. Maksimal tidsbruk pr. interpellasjon er 20 minuttar.

Spørsmål

Andre spørsmål enn dei som er nemnde over bør meldast skriftleg til fylkesordføraren seinast kl 9 dagen før tinget tek til. Spørjaren og den som svarar kan ha innlegg på to minuttar. Det er høve til oppfølgingsspørsmål og svar på eitt minutt. Elles er det ikkje høve til ordskifte.

For handsaminga av førespurnader kan det maksimalt brukast 2 timar. Dersom ein førespurnad ikkje er svara på innan dette tidsrommet, må spørjaren stadfesta overfor fylkesordføraren at det er ønskeleg med svar i neste tingsamling. Vert ikkje slik stadfesting gitt, reknar ein førespurnaden som trekt.

5. Klage

For enkeltvedtak gjort av fylkestinget er departementet klageinstans, jfr. forvaltningslova § 28.

REGLEMENT FOR UTVALA

Utvala nemnde under skal innanfor kvar sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for fylkeskommunen som regionalpolitisk pådrivar og samordnar, og for fylkeskommunen si eiga verksemd

og tenesteproduksjon. Utvala skal gjera endeleg vedtak i enkeltsaker etter nærare delegasjon fastsett i reglement og vedtak.

1. Samansetjing

Det er 3 utval med kvar sine ansvarsområde:

- Kultur, areal og miljø
- Opplæring og helse/sosial/folkehelse
- Samferdsel

Namn. Medlemstal

- Kultur- og ressursutvalet har 13 medlemmer.
- Opplærings- og helseutvalet har 13 medlemmer
- Samferdselsutvalet har 13 medlemmer.

Medlemmer med varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar.

Medlemene og varamedlemene bør veljast mellom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer.

2. Oppgåver

a. Utvala skal innan sitt saksområde arbeida med:

I. Regionalpolitikk

- a) regionalplan
- b) oppfølging av regionalplan
- c) ordningar/tiltak innan ulike område
- d) regionalutvikling gjennom uttale til sentrale styringsdokument

II. Fylkeskommunen si eiga verksemd

- a) utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken,
- b) retningslinjer for tenestetilbodet og drifta,
- c) økonomiplan / årsbudsjett,
- d) endring av budsjetttrammer,
- e) resultatvurdering.

b. Saker der utvala har avgjerdsmynde

Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som ikkje gjeld næringsføremål.

Fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar som ikkje gjeld næringsføremål.

Saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov.

Saker som overordna organ delegerer til utvala.

Tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet.

Fordeling av midlar til ombygging av fylkeskommunale bygg innanfor gitte rammer.

Fordeling av løyvingar til større undervisningsutstyr.

c. Saker der utvala gjev tilråding

Planleggings- og økonomisaker.

Saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov.

d. Fråsegner

Fråsegner på vegner av Hordaland fylkeskommune vert å leggja fram for fylkestinget/fylkesutvalet.

Utvala kan gje sjølvstendige fråsegner innan sitt/sine saksfelt.

3. Arbeidsform

Fylkesordføreren fordeler sakene mellom utvala. Når ei sak femner om fleire utval sitt arbeidsområde, avgjer fylkesordføreren i samråd med utvalsleiarane kva utval som skal ha hovudansvar for saka.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggja saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel.

I viktige saker innan politikktutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

Saksordførar

Fylkestinget oppnemner saksordførar for saker som vert lagde fram for fylkestinget og for saker som etter delegasjon vert avgjorde av fylkesutvalet når det ut frå sakstype er føremålstenleg å ha saksordførar. Saksordføraren skal følgja saka gjennom heile prosessen, også ved handsaminga i fylkesutvalet. Saksordføraren har samordningsansvar dersom saka omfattar fleire utval sitt arbeidsområde. Nærare kriterie for saksordførarordninga går fram av Retningslinjer for saksordførarordninga, vedteke av fylkestinget 24.03.99 (sak 25/99).

4. Sakshandsaming

For utvala gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

REGLEMENT FOR FYLKESUTVALET

Fylkesutvalet har det daglege samordningsansvaret for planlegging og økonomiforvaltning innan fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

Det har eit særskilt ansvar for regional planstrategi og vedtek oppstart av regional plan. Fylkesutvalet har ansvar for planlegging over fylkesgrenser og gir fråsegn til planar frå andre fylke.

Som samordningsorgan har det eit særskilt ansvar for områda likestilling, demokrati og samarbeid.

Fylkesutvalet har ansvar for næringspolitiske saker og saker som gjeld regional utvikling. Fylkesutvalet har ansvar for enkeltsaker som gjeld fylkeskommunen si daglege drift så langt dei ikkje er lagt til anna organ.

Fylkesutvalet skal til ei kvar tid ta omsyn til heilskapen i den fylkeskommunale verksemda.

1. Samansetjing

Fylkesutvalet har 15 medlemmer med varamedlemmer, valde i samsvar med kommunelova § 8.

2. Oppgåver

2.1. Saker der utvalet tek avgjerd

Enkeltsaker som ikkje er lagt til andre organ på følgjande områder:

2.1.1. Økonomi

Sjå eige delegasjonsreglement for økonomiske saker.

Bygg- og eigedomsforvaltning

Sal og kjøp av eigedomar opp til eit beløp på 5 mill.kr.

Sal og kjøp av aksjar innafor ei ramme på 2 mill kr. Salsutbyttet vert å setja av til ubundne fond.

Rammene gjeld for det enkelte kjøp/sal.

Fastsetjing av satsar for utleige av fylkeskommunale skolebygg etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet.

Utrangering, riving av bygning o.l.

Utrangering av bygningar.
Alternativ bruk/utleige av utrangerte bygg.
Riving av bygg.

2.1.2. Personalforvaltning

Godkjenning av tingingar/drøftingar for fylkesrådmannen.
Tilsetjing av fylkesrådmannen sin faste avløyser og fastsetjing av løn til vedkomande.
Tilsetjing i stilling som rådgjevar for politisk leiing, etter innstilling frå fylkesordføraren.

2.1.3. Gjeremål fastsett i særlov

Sjå eige reglement om delegasjon etter særlov og delegasjonsvedtak frå statlege styresmakter.

2.1.4. Utanrettslege pengekrav

Betaling av pengekrav, inkludert erstatning, og ettergjeving av fylkeskommunale krav i enkeltsaker for beløp over kr 1 000 000,-.

2.1.5. Tilskot til og fordeling av midlar til næringsføremål

Tilskotssaker vedkomande regional næringsutvikling.
Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål.

2.1.6 Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftelsar o.l.

Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representera fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær.

Oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftelsar o.l. når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla.

2.1.7. Andre oppgåver

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegasjonsvedtak er lagt til anna organ.

2.2. Saker der utvalet gjev tilråding

Fylkesutvalet gjev innstilling i alle saker som fylkestinget skal avgjera, med unntak av saker som utvala innstiller i direkte til fylkestinget, saker der valnemnda innstiller og saker frå kontrollutvalet.

2.3. Mynde som underinstans

Fylkesutvalet er underinstans ved klage på vedtak gjort i medhald av delegasjon frå statleg organ når statleg organ er klageinstans.

3. Avgjerd i hastesaker

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget, når det er naudsynt å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla dette, jfr. kommunelova § 13.

4. Fullmakt til fylkesordføreren

I dei sommarvekene fylkesutvalet ikkje har møte, har fylkesordføreren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av fylkesutvalet i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd. Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for fylkesutvalet i første møte etter ferien.

5. Reglar for sakshandsaming

For fylkesutvalet gjeld reglement for sakshandsaming.

REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVALET

Administrasjonsutvalet sitt arbeidsområde er saker som gjeld tilsetjings- og arbeidsvilkår for dei tilsette i fylkeskommunen. Utvalet skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom fylkeskommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Arbeidsgjevar og dei tilsette sine representantar kan avtala at slike saker skal handsamast på anna måte, jfr. kommunelova § 25 nr. 1.

1. Samansetjing

Administrasjonsutvalet har 9 medlemmer, 5 representantar for arbeidsgjevar og 4 representantar for dei tilsette.

Arbeidsgjevarrepresentantane med varamedlemer er medlemmer og varamedlemer i fylkesutvalet. 4 medlemmer med personlege varamedlemer vert valde av og blant dei tilsette.

Fylkesvaraordføreren er leiar og fylkestinget vel nestleiar.

2. Oppgåver

a. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

Personalforvaltning og organisasjonsutvikling så langt det ikkje er lagt til andre. Tolking og praktisering av avtaler og reglement som vedkjem arbeidstakarane sine løns- og arbeidsvilkår. Spørsmål om helse, miljø og tryggleik (HMT) Saker som overordna organ delegerer til administrasjonsutvalet.

b. Saker der utvalet gjev tilråding

Rasjonaliserings- og effektiviseringstiltak. Reglement som gjeld tilsette i fylkeskommunen. Andre spørsmål som overordna organ legg fram for administrasjonsutvalet.

c. Andre oppgåver

Saker som etter hovudavtalen er lagt til administrasjonsutvalet.

3. Sakshandsaming

For administrasjonsutvalet gjeld reglement for sakshandsaming.

4. Lønsutval

Arbeidsgjevarrepresentantane i administrasjonsutvalet er lønsutval.

Lønsutvalet fastset retningslinjer og prioriteringar i høve lokale normerings- og justeringstingingar for stillingar der fylkesrådmannen har tilsetjingsmynde, og godkjenner sentralt fastsette tariffavtalar.

REGLEMENT FOR KLAGENEMNDA

Klagenemnda er eit fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 28, 2. ledd, og er klageinstans for enkeltvedtak som er treft av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova). Dette gjeld likevel ikkje vedtak gjort av fylkestinget.

1. Samansetjing

Klagenemnda har 5 medlemmer med varamedlemmer valde av fylkestinget. Fylkestinget vel leiar og nestleiar. Av habilitetsomsyn bør ikkje medlemmer i fylkesutvalet og utval med avgjerdsmynde i enkeltsaker veljast til klagenemnda.

2. Oppgåver

Klagenemnda tek avgjerd i saker om klage på enkeltvedtak gjort av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova, med unntak av fylkestinget.

Klagenemnda tek og avgjerd i andre saker der det i lov eller forskrift er fastsett at fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans, og fylkestinget ikkje har lagt dette til andre.

3. Saksførebuing

Saksførebuinga skal gjerast i samsvar med reglane i forvaltningslova kapittel VI jfr. kapittel IV og V.

4. Sakshandsaming

For klagenemnda gjeld reglement for sakshandsaming så langt dei høver.

5. Klagenemnda sin kompetanse. Grunngeving. Omgjering.

Kompetanse

Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34.

Det påklaga vedtaket kan avvisast, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkår som går fram av lova.

Grunngeving

Klagenemnda sitt vedtak skal grunnjevast, jfr. forvaltningslova § 24. Unntak frå plikta til å grunnjeve vedtaket går fram av lova § 24, 3. ledd.

Gjer klagenemnda vedtak i samsvar med forslag til vedtak frå administrasjonen, er administrasjonen si grunngeving også fleirtalet si grunngeving. Tilsvarande gjeld dersom det i møtet er sett fram andre forslag til vedtak med grunngeving.

Dersom heile eller deler av fleirtalet ikkje kan slutta seg til grunngevinga frå administrasjonen, eller frå forslagsstillaren, får dei som har røysta for fleirtalsforslaget men ønskjer å gje særgrunngeving for si røysting, ein kort frist i møtet til å koma med skriftleg røysteforklaring. Dei som ikkje gjev slik røysteforklaring, vert rekna å ha slutta seg til administrasjonen, eller forslagsstillaren, si grunngeving.

Er skriftleg forslag til grunngeving ikkje lagt fram i møtet, får den eller dei som har sett fram det forslaget som vart vedteke, ein kort frist i møtet til å utforma ei skriftleg grunngeving basert på dei synspunkta som vart framførde under handsaminga av saka. Dei øvrige medlemene som har røysta for vedtaket, får deretter ein ganske kort frist til å koma med eventuelle særmerknader til den grunngevinga som er gjeve, også dette basert på synspunkt formulert i møtet.

Medlemmer som ikkje har røysta for det forslaget som vart klagenemnda sitt vedtak, har ikkje grunnjevingsplikt. Dei kan likevel koma med skriftlege røysteforklaringar eller protokolltilføringar dersom dei varslar om dette i møtet og gjer greie for kva slik røysteforklaring vil innehalda.

Omgjering

Klagenemnda kan av eige tiltak gjera om vedtaket sitt i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET

Som reglement for kontrollutvalet gjeld forskrift fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 med heimel i lov av 25. september 1992 nr.107 om kommunar og fylkeskommunar.

1. Samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer med varamedlemer valde av fylkestinget. 3 medlemmer med varamedlemer blir valde blant fylkestinget sine medlemmer og varamedlemer, 2 medlemmer med varamedlemer blir valde utanom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemer. Leiar og nestleiar bør veljast blant fylkestinget sine medlemmer.

2. Sakshandsaming

For kontrollutvalet gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

REGLEMENT FOR FYLKESVALSTYRET

Fylkesvalstyret vert vald med heimel i Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven).

1. Samansetjing

Fylkesvalstyret sine medlemmer og varamedlemer er medlemene og varamedlemene i fylkesutvalet. Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

2. Oppgåver

Fylkesvalstyret sine oppgåver går fram av Lov om valg til fylkesting og kommunestyre (valgloven) med forskrifter.

3. Sakshandsaming

For fylkesvalstyret gjeld Reglement om sakshandsaming så langt det passar.

REGLEMENT FOR UNGDOMMENS FYLKESTING

Ungdommens fylkesting skal som regionalpolitisk pådrivar og samordnar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkkutforming for ungdom i Hordaland, og for Ungdommens fylkesting si eiga verksemd. Ungdommens fylkesting, og deira underorgan Ungdommens fylkesutval, skal gjera endeleg vedtak i enkeltsakar innanfor eigen organisasjon, og skal elles vera eit sjølvstendig og partipolitisk nøytralt rådgjevande organ for fylkeskommunen i sakar som vedkjem ungdom.

1. Samansetjing

Ungdommens fylkesting har 66 medlemmer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Dei kommunane som ikkje har ungdomsråd vel to representantar frå kommunen.

2. Oppgåver

a. Ungdommens fylkesting kan innan sitt arbeidsområde:

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi fråsegn til regionale planar med verknad for ungdom
- Gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levekår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Protokoll frå Ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.

Ungdommens fylkesting skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

b. Saker der Ungdommens fylkesting har avgjerdsmynde:

- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Ungdommens fylkesting.
- Saker som gjeld eigen organisasjon, mellom anna, planprogram, budsjett og val av Ungdommens fylkesutval.

c. Saker der Ungdommens fylkesting gjev tilråding:

- Saker om fylkeskommunal verksemd med verknad for ungdom.
- Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

d. Fråsegner

- Ungdommens fylkesting kan gi sjølvstendige fråsegner innan sitt ansvarsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

3. Arbeidsform

Ungdommens fylkesting har eitt møte i februar kvart år.

Ungdommens fylkesutval vert vald på Ungdommens fylkesting og består av leiar, nestleiar og 5 medlemmer, samt fem varamedlemmer. Ungdommens fylkesutval er eit utførande organ og skal jobbe med Ungdommens planprogram som vert vedteke på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesting fastset vedtektene som styrer både Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, vedtek budsjettet og godkjenner rekneskapet.

Ungdommens fylkesutval har møte kvar månad.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- leggje fram saker som gjeld levekår for ungdom og som kan ha innverknad på desse for Ungdommens fylkesting i god tid før dei skal avgjerast
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting innan lokaldemokratiet
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting i samband med administrative og politiske prosessar.
- oppnemne ein politisk kontaktperson til Ungdommens fylkesting.

4. Sakshandsaming

For Ungdommens fylkesting gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

REGLEMENT FOR SAKSHANDSAMING

Reglementet gjeld for folkevalde organ så langt fylkestinget ikkje har vedteke noko anna. Fellesnemninga som er nytta i reglementet, er folkevalde organ eller berre organ.

1. Målform

Innkallingar, saklister, saksførelegg og møtebøker skal vera på nynorsk.

2. Inhabilitet

Medlemmer i folkevalde organ er inhabile etter reglane i Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 40 og Lov om behandlingssaker (forvaltningslova) kap.2.

3. Teieplikt

Folkevalde har teieplikt i samsvar med forvaltningslova § 13 og særlover. Dei same reglane gjeld for andre som tek del i møtet. Dokument med opplysningar det er teieplikt om, skal leverast attende til sekretariatet eller makulerast.

4. Tolking av reglement

Dersom det oppstår tvilsspørsmål med omsyn til tolking av sakshandsamingsreglement for folkevalde organ, skal fylkesrådmannen gje ei grunnjevne tolking. Vert spørsmålet ikkje løyst på denne måten, vert saka å leggja fram for fylkesutvalet for avgjerd.

Gjeld tolkingstvilen kontrollutvalet, fylkesvalstyret, klagenemnda, utvala, fylkesutvalet eller fylkestinget sitt reglement, vert saka å leggja fram for fylkestinget.

Det skal leggjast fram rapport for fylkesutvalet minst ein gong i året om alle saker der det har vore reist spørsmål om tolking av reglementa.

5. Møteprinsippet

Folkevalde organ gjer vedtaka sine i møte, jfr. § 30 i kommunelova.

Organet sjølv fastset møtetidspunkt og møtestad. Møtetidspunkt og møtestad for fylkestinget kan likevel fastsetjast av fylkesutvalet. Fylkesutvalet handsamar møteplan for året for fylkestinget, fylkesutvalet, utvala, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Fjernmøte og skriftleg sakshandsaming kan nyttast på nærare gitte vilkår som går fram av Forskrift om fjernmøter og skriftlig saksbehandling, fastsett av Kommunal- og arbeidsdepartementet 13. januar 1993.

6. Opne møte

Møte i folkevalde organ skal haldast for opne dører, jfr. § 31 i kommunelova. Møte i folkevalde organ skal vera offentleg tilgjengelege for ålmenta.

Når det ligg føre teieplikt fastsett i lov skal møtet gå for stengde dører, jfr. § 31 nr 2 i kommunelova.

Organet kan vedta å lukka møtet når omsynet til personvern krev det, eller når omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier dette, jfr. § 31 nr. 4 og 5 i kommunelova

Saker som gjeld ein arbeidstakar sine tenesteforhold skal handsamast for lukka dører, jfr. § 31 nr 3 i kommunelova.

Administrasjonen sine dokument/saksframstillingar til fylkesutvalet vedrørande årsbudsjett og økonomiplan er offentlege frå same tidspunkt som dei vert sende fylkesutvalet.

7. Møtebok

Det skal førast møtebok frå møte i folkevalde organ, jfr. § 30 i kommunelova. Av møteboka skal det gå fram

- tid og stad for møtet og når møtet var slutt
- kven som var tilstades og kven som var fråverande
- kva saker som var føre
- eventuelle partar sine nye opplysningar i ei sak
- alle forslag som er sette fram i ei sak
- vedtaka i sakene som vart handsama med opplysning om røystetal
- protokolltilføringer frå medlemer og andre som har møterett, når vedkomande krev det
- spørsmål og interpellasjonar i fylkestinget, og forslag og vedtak med røystetal i samband med dette
- vedtak om at møtet skal haldast for lukka dører med heimel for lukking
- vedtak om at ein medlem i organet er ugild.

Det folkevalde organet godkjenner møteboka på den måten organet fastset.

8. Sekretariat. Saksførebuing. Fylkesrådmannen si rolle i møtet.

Fylkesrådmannen avgjer til ei kvar tid kven som skal ha sekretariatsfunksjon for dei ulike folkevalde organa der ikkje anna følgjer av lov eller forskrift.

Fylkesrådmannen skal syta for at sakene er forsvarleg utgreidde og at dei inneheld forslag til innstilling eller vedtak. Sak med forslag til enkeltvedtak må innehalda grunngjeving i samsvar med reglane i forvaltningslova.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i alle folkevalde organ unnateke kontrollutvalet. Han kan la seg representera ved andre tilsette.

Fylkesrådmannen skal syta for at vedtak gjort av folkevalde organ vert gjort kjende og/eller sette i verk, og at dei vilkåra, påboda og reglane som organet fastset, vert følgde.

9. Innkalling. Sakliste

Innkalling og saksførelegg til møte i folkevalde organ skal som hovudregel sendast medlemene med høveleg varsel, minimum 7 dagar før møtedato, jfr. § 32 nr. 2 i kommunelova. Møte som vert haldne for opne dører, skal kunngjerast. Leiaren i folkevalde organ set opp sakliste, jfr. § 32 nr. 2 i kommunelova. Sakliste for møtet og saksdokument i saker som er offentlege, skal vera ålment tilgjengelege.

10. Forfall

Medlem som har lovleg forfall, skal straks melda frå til sekretariatet for organet og til fraksjonsleiari/gruppeleiari. Sekretæren for organet kallar inn varamedlem. Det same vert gjort når ein er kjend med at nokon er inhabil i ei sak som skal handsamast. Administrasjonen informerer fraksjonsleiari/gruppeleiari om kva varamedlem som møter.

Medlemene har sjølv ansvar for å melda seg inhabile og ta spørsmålet opp på førehand slik at det vert tid til å vurdere problemstillinga og eventuelt kalla inn varamedlem.

Den som har lovleg forfall til å gå frå møtet, melder straks frå til møteleiaren. Varamedlem som er tilstades, går inn i staden for medlemen med forfall. Dersom eit medlem møter etter at møtet er sett, skal varamedlem delta til organet har gjort seg ferdig med saka det var byrja på då medlemet møtte.

11. Vedtaksført organ

Folkevalde organ er vedtaksføre når minst halvparten av medlemene er tilstades, jfr. § 33 i kommunelova.

12. Opning

Ved opning av møtet vert medlemene ropte opp eller registrerte på annan måte som møteleiaren finn høveleg. Er det lovlege minstetalet, - etter kommunelova § 33 minst halvparten - , tilstades, seier møteleiaren møtet for sett.

Medlemmer som møter etter at oppropet/registreringa er ferdig, eller går frå møtet før det er slutt, melder seg for møteleiaren.

Dersom det i samband med namneopporet/namneregistreringa kjem motmæle mot nokon sin rett til å ta del i forhandlingane, eller det er tvil om medlemet/-ene har gyldig forfall, gjer organet først vedtak om dette.

13. Førehaving av saker

Sakene skal handsamast i den rekkefølga som går fram av innkallinga. Organet kan vedta ei anna rekkefølge. Er ei sak teken opp til handsaming, kan møtet ikkje hevast før saka er avgjort ved røysting, eller organet vedtek å utsetja saka.

Etter kommunelova § 34 kan organet med simpelt fleirtal vedta å utsetja realitetshandsaming av ei sak på den utsende saklista. Organet kan og gjera vedtak i sak som ikkje er førd opp på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei frammøtte medlemene set seg i mot.

14. Ordskifte. Taletid. Møteleiar si deltaking

Møteleiaren les opp nummer og tittel på den enkelte saka på saklista og viser til forslag til vedtak i tilrådinga. Møteleiaren kan og gjera greie for saka så langt det er turvande.

Før ordskiftet i ei sak tek til - og under ordskiftet - kan møteleiar ta avgjerd om å korta av på taletida til eit bestemt tidsrom for kvart innlegg, med mindre organet vedtek noko anna. Møteleiar tek avgjerd om å slutta av ordskiftet i ei sak med mindre utvalet vedtek noko anna.

Talarane får ordet i den rekkefølga dei ber om det. Ber fleire om ordet samstundes, avgjer møteleiaren rekkefølga. Utanom denne rekkefølga kan møteleiaren i fylkestinget eller fylkesutvalet gje ordet til fylkesrådmannen eller den som fylkesrådmannen peikar ut, til å gje informasjon. I andre organ gjeld dette tilsvarande for den som møter på vegne av fylkesrådmannen eller den som den møtande peikar ut. Den som får ordet, vender seg til møteleiaren.

Møteleiaren kan gje høve til replikkordskifte i tilknytning til innlegget frå siste talar, og møteleiar fastset tidsgrenser for slikt ordskifte.

Vil møteleiaren vera med i ordskiftet om ei sak, og det ikkje gjeld stutte merknader, bør møteleiaren overlata møtestyringa til nestleiar eller ein annan medlem.

Møteleiaren skal sjå til at møtet finn stad i ordna former. Møteleiaren har mynde til å åtvare medlemmer eller andre frammøtte som uroar møtet. Møteleiaren kan og la organet avgjera ved røysting om nokon som uroar, skal stengjast ute frå resten av møtet.

15. Forslag

Forslag kan ikkje setjast fram av andre enn organet sine medlemmer med mindre det ligg føre lovleg heimel. Forslag skal vera skriftlege og underteikna av forslagsstillaren/-ane.

Forslaget kan også vera munnleg dersom det går ut på å utsetja saka som er til handsaming.

16. Røysting

Når ordskiftet er slutt, skal saka takast opp til røysting.

a) Røysterett og -plikt. Rekkefølge

Møteleiaren varslar dei som er utanfor sjølve møtesalen. Medlemene har rett og plikt til å røysta. Er ein medlem fråverande frå salen når saka vert teken opp til røysting, har medlemen ikkje røysterett.

Organet avgjer, etter forslag frå møteleiaren, rekkefølga av røystingane der saka er delt opp eller det er sett fram fleire forslag.

b) Prøverøysting

Før den endelege røystinga i ei sak, kan organet halda prøverøysting som ikkje er bindande.

c) Røystemåte

Røystingane går føre seg på ein av desse måtane:

1. Ved stilltiande godkjenning.
2. Ved at møteleiaren oppmodar dei som er imot eit forslag, om å reisa seg eller rekkja opp handa. Når møteleiaren fastset det, eller ein medlem krev det, held organet kontrærøysting på den måten at dei som røyster for forslaget, reiser seg eller rekkjer opp handa.
3. Ved val og tilsetjing kan kvar einskild medlem krevja skriftleg røysting.

d) Vedtak

Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal av røystene som er gjevne, dersom ikkje anna følgjer av reglane i kommunelova, jfr. §§ 33 - 36. Ved likt røystetal i andre saker enn val, er møteleiari si røyst avgjerande.

17. Oversendingsforslag

Oversendingsforslag er forslag som det ikkje er ønske om å realitetshandsama i møtet, men som ein likevel ønskjer å få vurdert av enten eit anna utval/nivå eller av administrasjonen. Det skal gå fram av forslaget kven som støttar det.

Mottakar av forslaget avgjer korleis det skal følgjast opp.

Oversendingsforslag til politiske organ (t.d. frå fylkestinget til samferdselsutvalet):
Fylkesrådmannen lagar melding til utvalet der forslaget er referert. Vidare arbeid er avhengig av positiv avgjerd i utvalet.

Oversendingsforslag til fylkesrådmannen:
Fylkesrådmannen vurderer forslaget og gir tilbakemelding i form av melding eller sak til organet som har oversendt forslaget.

18. Ny førehaving av avgjort sak

Når ei sak er avgjort, må ikkje organet ta saka opp att i same møtet om det ikkje seinare er kome nye opplysningar eller endra forhold.

19. Spørsmål

Kvar medlem av organet kan stilla spørsmål til møteleiaren også om saker som ikkje er nemnde i innkallinga, jfr. § 34 i kommunelova.

Spørsmål bør meldast skriftleg til møteleiari seinast kl. 0900 to dagar før møtet i organet. Dersom spørsmålet er av særskilt omfattande karakter, kan det bli naudsynt å utsetje svaret til påfølgjande møte. I slike tilfelle skal organet orienterast om dette.

Møteleiaren kan be andre svara på spørsmålet.

Om spørsmål og interpellasjonar (grunngeve spørsmål) til fylkestinget - sjå reglementet for fylkestinget.

20. Deputasjonar

Utsendingar frå interessegrupper som vil møta for folkevalde organ og uttala seg om ei sak, skal melda frå til leiaren seinast tre dagar før møtet.

Organet vedtek om det vil ta i mot utsendingane. Dersom utvalet tek i mot utsendingane, bør ein av utsendingane gjera kort greie for det saka gjeld og/eller gje skriftleg utgreiing.

21. Orienteringar

Informasjon/orienteringar om aktuelle tema kan setjast på dagsorden etter leiaren si avgjerd.

22. Partsinteresse

Partar i ei sak har ikkje rett til å uttala seg i organet med mindre organet vedtek noko anna.

23. Lovlegkontroll

Tre eller fleire medlemmer av fylkestinget kan saman krevja lovlegkontroll på vedtak gjort av folkevalde organ eller fylkeskommunal administrasjon, jfr. § 59 nr. 1 i kommunelova.

Fristen for å krevja kontroll er 3 veker frå det tidspunktet vedtaket vart gjort, jfr. Forskrift om tidsfrist for krav om lovlighetskontroll, fastsett av Kommunal- og arbeidsdepartementet den 13. januar 1993.

B. DELEGASJON TIL FYLKESRÅDMANNEN

Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd i følgjande saker:

1. Økonomi

1.1. Sjå eige delegasjonsreglement for økonomiske saker.

1.2. Bygg- og eigedomsforvaltning.

Bygging

Gjennomføring av fylkeskommunale byggeprosjekt og tilsyn med at dette vert gjort i samsvar med vedtekne føresetnader og fastlagd rutine.

Val av rådgjevar, entreprenør og leverandør.

Forvaltning, drift og vedlikehald

Inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader eller lokale.

Erstatningssaker innanfor fylkeskommunen sitt forsikringsfond.

Fordeling av løyvingar til ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen.

Fordeling av rammeløyvingar til ombyggingsarbeid.

Godkjenne utrangering, kassasjon, avhending av inventar og utstyr, når det er dokumentert at det ikkje kan gjerast nytte av det.

Val av leverandør ved utstyrskjøp og kjøp av tenester.

Andre oppgåver

Tilsynsansvar for fylkeskommunen sin bygningsmasse.

Forsikringsordningar for fylkeskommunale bygg og utstyr.

Mindre grunnavståing og/eller arrondering av liten verdi.

2. Personalforvaltning

2.1. Oppretting, nedlegging og omgjerding av stillingar innafor vedteke budsjett med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet.

2.2. Omplassering av personale innan og mellom fylkeskommunale einingar, med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet. For personalet i sekretariatet for kontrollutvalet skjer omplassering i samarbeid mellom fylkesrådmannen og kontrollutvalet.

2.3. Overføring av overtallig personale innan og mellom fylkeskommunale einingar, med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet. For personalet i sekretariatet for kontrollutvalet skjer overføring i samarbeid mellom fylkesrådmannen og kontrollutvalet.

2.4. Søknader om redusert arbeidstid med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet.

2.5. Alle tilsetjingar med unntak av fylkesrådmannen sin faste avløyssar, og sekretariatet for kontrollutvalet, jfr. kommunelova § 77 nr.10 og forskrift om kontrollutval § 20.

2.6. Oppseiing, suspensjon og avskil for tilsetjingar under punkt 2.5.

2.7. Søknader om permisjon med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet.

2.8. Lønnsfastsetjing etter tingingar/drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane, jfr. hovudavtalen, der fylkesrådmannen har tilsetjingsmynde, jfr. pkt. 2.5.

2.9. Fylkesrådmannen har det totale personalansvar, og tek avgjerd i alle saker elles som ikkje er lagt til anna organ.

2.10. Fullmakt til å tilsetja, seia opp, suspendera, gi avskil og fastsetja løna til toppleiarane kan ikkje delegerast vidare.

3. Gjere mål fastsett i særlov

Fullmakter fastsette i reglement om delegasjon etter særlov.

4. Utanrettslege pengekrav

Betaling av pengekrav, inkludert erstatning, og ettergjeving av fylkeskommunale krav i enkeltsaker for beløp under kr 1 000 000,-, og avslag på krav om betaling.

5. Underskriftsfullmakter

Fylkesrådmannen skriv under avtalar/kontraktar som fell inn under eige ansvarsområde. Fylkesrådmannen har fullmakt til å underskriva på vegner av fylkeskommunen alle avtalar/kontraktar som har grunnlag i vedtak fatta i fylkeskommunale organ.

6. Mynde som underinstans

Der fylkesrådmannen har fått delegert mynde til å gjera vedtak, har fylkesrådmannen og mynde som underinstans i klagesaker med unntak for saker nemnd i Reglement for fylkesutvalet pkt. 2.3.

7. Fullmakt til å handtere ein krisesituasjon

Fylkesrådmannen har dei nødvendige fullmakter til å handtere ein krisesituasjon. Etter at krisa er over, vert det lagt fram ei sak til politiske organ der det vert gjort greie for tiltaka som vart sette i verk og dei økonomiske følgjene av krisehandteringa.

8. Bruk av fullmakt

Melding om korleis delegert fullmakt er nytta skal gjevast til fylkesutvalet etter kvart.

C. DELEGASJON ETTER SÆRLOV

Fylkeskommunen sitt mynde etter særlover vert delegert slik:

1. Almindeligg borgerlig Straffelov av 22.05.1902 nr. 10

§ 79 nr. 5

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja offentleg påtale og fremja eventuelt krav om erstatning (borgarlege rettskrav) i saker som gjeld brotsverk mot fylkeskommunal eigedom og inventar, og til å krevja offentleg påtale av tilsette. I saker som gjeld påtale av tilsette kan fullmakta ikkje vidaredelegerast. Fylkesordføraren har fullmakt til å krevja offentleg påtale og fremja eventuelt krav om erstatning (borgarlege rettskrav) for andre lovbrotenn dei som er nemnd over.

2. Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr 1

§§ 4 og 32 jfr. § 48

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja skjønn, overskjønn eller takst. Fylkesrådmannen har fullmakt til å engasjera juridisk bistand.

§ 14

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå valnemnda, å nemna opp skjønnsmannsutval.

3. Lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. (industrikonsesjonsloven) av 14.12.1917 nr. 16

§ 24

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å gje uttale i saker om søknad om konsesjon.

4. Lov om vassdragsreguleringer av 14.12.1917 nr. 17

§ 6

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saker om vassdragsregulering, under dette også konsesjonssøknader.

§ 11

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å disponera midlar opparbeidde i vassdragsreguleringsfondet.

5. Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr av 24.05.1929 nr 4 med forskrifter

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ivareta fylkeskommunen sine rettar og plikter og å opptre på vegner av fylkeskommunen overfor tilsynsstyresmakter.

6. Lov om tinglysing av 07.06.1935 nr 2

§ 6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja tinglyst dokument som gjeld grunnverv til fylkesveganlegg.

7. Lov om friluftslivet av 28.06 1957 nr. 16

§ 22

Fylkesutvalet har fullmakt til å opptre, klaga og i tilfelle reisa søksmål for å ivareta ålmenta sine interesser i alle saker av interesse for friluftslivet.

§ 24, 5. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til å bringa inn for departementet fylkesmannen sine vedtak etter § 2 andre ledd, og §§ 15 og 16.

8. Lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959 nr 3

§ 25

Fylkesrådmannen har fullmakt til å søkja om førehandstiltreding.

9. Lov om rettshøve mellom grannar av 16.06.1961 nr. 15

Fylkesrådmannen har fullmakt til å handla på vegner av fylkeskommunen i saker etter denne lova. I saker med vesentlege kryssande interesser mellom fylkeskommunen som eigedomshavar og som offentleg planstyresmakt er det likevel fylkesutvalet som har fullmakt til å ta avgjerd.

10. Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster av 21.06.1963 nr. 12

§ 2, jfr. kgl.res. 13.03.1992

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å tildela konsesjon for undersøking og utnytting av skjelsand, sand og grus.

11. Veglov av 21.06.1963 nr. 23

§ 3

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saker om å ta opp fylkesveg, kommunal veg eller privat veg som riksveg.

§ 7

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå samferdselsutvalet, å uttala seg om omgjerung av riksveg eller å gjera vedtak om nedlegging eller omgjerung av fylkesveg.

§ 8 jfr. § 7

Fylkesrådmannen har fullmakt til å omdisponera mindre parsellar av fylkesveggrunn som er blitt til overs ved omleggingsarbeid m.v.

§ 9

Fylkesutvalet har mynde som vegstyresmakt for fylkesvegar.

§ 29, 4. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til for særskilt strekning å setja byggegrensa til ein mindre avstand enn den som er nemnd i andre ledd, likevel ikkje mindre 15 meter.

§ 29, 5. ledd andre punktum

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særskilde høve å fastsetja ei anna byggegrense for det einskilde krysset.

§ 30, 4. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til å gi retningslinjer for plassering av skogsvirke ved fylkesveg.

§ 38

Fylkesutvalet har fullmakt til å leggja ned byggjeforbod i område for planlagt veg og forlenga fristen for når forbodet skal falla bort.

§ 44

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja at eigar eller brukar av grunn ved vegen skal flytta eller endra gjerdet mot vederlag.

§ 45

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fastsetja plassering av gjerde.

§ 47

Fylkesrådmannen har fullmakt til å syta for at gjerde blir flytta, rive, endra eller sett i stand når det er oppsett eller innretta i strid med det som er fastsett i eller med heimel i § 45.

§ 50

Fylkesrådmannen er vegstyresmakt etter denne paragrafen om eigedomsinngrep mot vederlag etter skjønn.

§ 57

Fylkesrådmannen er vegstyresmakt etter denne paragrafen om løyve til inngrep på eller nær eigedomsområdet til offentleg veg.

Klage

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker der det er klaga over vedtak gjort i medhald av veglova og der fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans.

12. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06.1977 nr. 82

§ 5

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å gje fråsegn til utkast til forskrift om landing og start med luftfartøy på bestemte stader i utmark og vassdrag, og om bruk av motorfartøy på innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer når det ligg føre særlege grunnar.

13. Lov om kulturminne av 09.06.1978 nr. 50

jfr. Forskrift 09.02.1979 nr. 8785 om faglig ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven og Forskrift 30.04.1990 nr. 351 om delegering av myndighet etter kulturminneloven.

§ 3, andre ledd første punktum

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera at marka over eit automatisk freda kulturminne ikkje skal kunna nyttast til beite vidare.

§ 3, andre ledd andre punktum

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera om pløying og anna jordarbeid djupare enn tidlegare kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

§ 6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fastsetja sikringssone.

§ 8

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak i saker der fylkeskommunen har avgjerdsmynde i prøveprosjekt med delegasjon av mynde etter kulturminnelova § 8, første, andre og fjerde ledd i perioden 01.04.2011 – 31.12.2011 frå Miljøverndepartementet.

Fylkesrådmannen skal som førsteinstans handsama klage på vedtak gjort i medhald av dette.

§ 9 andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot planar om og be om fristforlenging.

§ 11

Fylkesrådmannen har fullmakt til å registrera og vedlikehalda m.v. automatisk freda kulturminne, med unntak for dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

§ 13

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot meldingar om funn av lause kulturminne.

§ 15a

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særlege tilfelle å gjera unntak frå vedtak om freding og fredingsreglar som ikkje fører til vesentlege inngrep i det freda kulturminnet/området.

§ 17

Fylkesrådmannen har fullmakt til å undersøkje freda bygning som står i fare for å forfalla grunna manglande vedlikehald, og gje pålegg om istandsetjing ved forsømt vedlikehald av freda bygning, anlegg m.v og oppfølging av pålegg om istandsetjing med unntak av dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren .

§ 18 første ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot melding om freda bygning, anlegg m.v. som er skada ved brann eller liknande, og avgjera om denne skal setjast i stand eller gjenreisast med unntak av dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

§ 18 andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot melding når forsikringstilfelle er oppstått og avgjera at forsikringssummen ikkje skal utbetalast før saka er avgjort etter første ledd med unntak for dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

§ 19 tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særlege tilfelle å gjera unntak frå vedtaket om freding og fredingsreglar for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet/området.

§ 20 tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særlege tilfelle å gjera unntak frå vedtak om freding og fredingsreglar for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda området.

§ 21

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføra skjøtsel i område freda etter §§ 19 og 20.

§ 22

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saker om endeleg freding.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om mellombels freding inntil saka er avgjort, med unntak for samisk kulturminnevern.

§ 25

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot melding, søknad, og vedtak om tiltak som er omfatta av lova.

14. Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven) av 21.12.1979 nr 77

§ 5, 9. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja jordskifte og vera partsrepresentant i samband med

jordskifte.

15. Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) av 13.03.1981 nr. 6

§ 81

Fylkesutvalet har fullmakt til å gjera enkeltvedtak etter § 83 i saker der fylkeskommunen er forureiningsstyresmakt.

16. Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) av 29.05.1981 nr 38

§ 21, 2. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til for bestemte område og tidsrom å auka eller minska avstanden på 2 km frå land, under dette også holmar og skjær, der det er forbode å driva jakt frå motorbåt eller anna flytande eller svevande fartøy drive med motor.

§ 51, 1. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenne fastsetjing av skotpremie.

Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra 1. april 2007 til og med 31. mars 2012 av 01.02.2007 nr 112

§ 3

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetja forskrifter om utvida eller innskrenka jakttid for elg og hjort, og å opna for eller utvida jakt på kanadagås og stripegås.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avstå frå høyring på endring når det ikkje er grunnlag for det.

17. Lov om tannhelsetjenesten av 03.06.1983 nr. 54

§ 2-3

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker.

§ 4-2

Fylkesutvalet har fullmakt til å inngå avtalar med privatpraktiserande tannlegar.

18. Lov om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) av 08.06.1984 nr. 58

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming. Vil konkursen føra til tap av arbeidsplassar, skal saka likevel leggjast fram for fylkesutvalet til avgjerd.

19. Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108

§ 8

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetja reglement for fylkesbiblioteket.

§ 9

Fylkesutvalet har fullmakt til å inngå avtalar om felles bibliotekdrift med ein eller fleire kommunar.

§ 10

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtalar om samarbeid mellom skulestyresmakta i fylket og fylkeskommunen om bibliotekfaglege spørsmål.

20. Lov om stadnamn av 18.05.1990 nr. 11

§ 5

Fylkesutvalet har fullmakt til å gjera vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg o.l

§ 6

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune.

§ 10

Fylkesutvalet har fullmakt til å klaga på vedtak om skrivemåten.

21. Lov om megling i konfliktråd av 15.03.1991 nr. 3

§ 5

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gi samtykke til megling i konfliktrådet.

§ 7

Fylkesrådmannen har fullmakt til å møte på vegner av fylkeskommunen på meklingsmøte i konfliktrådet.

22. Lov om laksefiske og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr 47.

Forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvannsorganismer (1993-11-11 nr 1020).

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera søknader om utsetting av fisk.

Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (2004-11-15 nr 1468).

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera søknader om fysiske tiltak i vassdrag som kan innverka på fiskebestanden eller andre ferskvassorganismar i vassdraget, positivt eller negativt.

Forskrift om etablering og drift av kultiveringsanlegg for fisk og kreps (1992-12-30 nr 1232).

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gi løyve.

Forskrift om fiske etter innlandsfisk mv. og fangst av kreps (2009-06-26 nr 851 (innlandsfiskeforskriften))

§ 2 tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å forby fiske av artar det er tillatt å fiska på etter føresegner, dersom arten lokalt eller regionalt er trua.

§ 4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å bestemma nærmare reglar om regulering av fisket.

23. Lov om tvangfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangfullbyrdelsesloven) av 26.06.1992 nr. 86.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å setja i verk dei tiltak tvangfullbyrdingslova heimlar når det gjeld sikring og inndrivning av uteståande pengekrav, og å fullbyrda krav og rettar som gjeld anna enn betaling av pengar. Han har og fullmakt til å kasta ut leigetakar når leigetida er ute eller leigesummen ikkje er betalt i rett tid.

Fylkesrådmannen har fullmakt i kurante saker og innafor ei kostnadsramme på kr.250.000,- til å nytta dei rettsmidla som er nødvendige for å få fullbyrda saka.

Fylkesutvalet har fullmakt til å nytta anke, krevja oppfrisking, krevja saka teken opp på ny eller å nytta andre rettsmiddel.

24. Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m. (jernbaneloven) av 11.06.1993 nr. 100

§ 7, 2. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetja transportvilkår når fylkeskommunen gir tilskot til lokal jernbane i fylket.

25. Lov om opplæring av 17.07.1998 nr. 61

§ 1-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å søkja om løyve til at det vert gjort avvik frå lova og forskriftene etter lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk.

§ 3-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta inn elevar til vidaregåande opplæring.

Fylkesrådmannen har fullmakt til etter søknad å gje elev eller lærling løyve til utsetjing eller avbrot i opplæringa utan at retten til opplæring tek slutt.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å utvida retten til vidaregåande opplæring med inntil eitt år etter søknad om omval.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak om at elev som etter reglane i kap. 5 har rett til spesialundervisning kan få vidaregåande opplæring i ytterlegare 2 år når eleven etter sakkunnig vurdering treng det.

Fylkesrådmannen skal tilby anna opplæring dersom ein elev eller ein lærling har særlege vanskar med å følgja den opplæringa som er vald.

Opplærings- og helseutvalet kan påleggja elevane, lærlingane og lære kandidatane å dekkja utgifter så langt det følgjer av forskrift og å halda seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 opplæring etter § 4A-3 i staden når det ligg føre særlege grunnar.

§ 3-2

Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje forskrifter om skole- og feriedagar i skoleåret for elevane.

§ 3-3, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna lærekontrakt eller opplæringskontrakt som inneheld unntak frå den fastsette opplæringsordninga for den delen som gjeld opplæring i bedrift.

§ 3-4, siste ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å søkja om løyve til avvik frå forskrifter om læreplanar etter fråsegn frå skoleutvalet.

§ 3-5

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera om den praksisen som kandidaten viser til, kan godkjennast.

§ 3-7

Opplærings- og helseutvalet har fullmakt til å gje forskrifter om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skole.

§ 3-8

Opplærings- og helseutvalet kan fastsetje i ordensreglement at ein elev som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort i inntil 5 dagar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om bortvising for resten av skoleåret av ein elev som vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går utover orden og arbeidsro på skolen, eller som alvorleg forsømmer pliktene sine. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skolen.

I samband med eit vedtak om bortvising for resten av skoleåret har fylkesrådmannen også fullmakt til å gjere vedtak om at eleven skal mista retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skolen.

§ 3-9

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om vidaregåande opplæring i og på teiknspråk når eleven etter sakkunnig vurdering har behov for det.

§ 3-10

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om opplæring i punktskrift og i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel, og i å ta seg fram på, til og frå skulen og i heimemiljøet når eleven etter sakkunnig vurdering har behov for det.

§ 3-12

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar.

§ 4-3, første ledd, jfr. siste ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenne lærebedrifter og gjera vedtak om tap av godkjenning.

§ 4-3, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenne opplæringskontor eller opplæringsring som inngår i opplæringskontor.

§ 4-4, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å behandla melding frå bedrifter som ikkje kan gje lærlingen tilfredsstillande opplæring.

§ 4-5, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenne lærekontakt og opplæringskontrakt.

§ 4-6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å samtykka i endring og heving av lærekontrakt eller opplæringskontrakt, og avgjera når læreforholdet skal ta slutt. Fylkesrådmannen har fullmakt til å samtykka i at læretida kan avbrytast i samband med permisjon.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om at retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1 ikkje skal falla bort når lærlingen eller lærekandidaten frivillig hevar kontrakten.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om forlenga kontrakttid i ny lærebedrift.

§ 4-7

Fylkesrådmannen har fullmakt til å behandla saker om internkontroll i lærebedrift.

§ 4-8, første, andre og tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å behandla fylkeskommunen sine oppgåver knytte til fagopplæringa, med unntak av der mynde er lagt til andre.

§ 4-8, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenne praksis for kandidatar som melder seg til fagprøve eller sveineprøve utan læretid.

§ 4-8, siste ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til, etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda, å nemna opp ei eller fleire prøvenemnder. Fylkesrådmannen kan eventuelt nemna opp prøvenemnder i samarbeid med andre fylkeskommunar.

§ 4A-3

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta inn vaksne elevar til vidaregåande opplæring.

Opplærings- og helseutvalet kan påleggja vaksne som får vidaregåande opplæring å dekkja utgifter så langt det følgjer av forskrift, og å halda seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje kompetansebevis på grunnlag av realkompetansevurdering på vidaregåande opplæringsnivå.

§ 4A-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta avgjerd om det skal nyttast studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar eller andre som gjev tilbod om vidaregåande opplæring for å oppfylle plikta til å gje opplæring til vaksne.

§ 4A-9

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjere vedtak om bortvising av ein elev frå resten av kurset eleven/deltakaren er teken inn på. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av kurset har fylkesrådmannen også fullmakt til å gjere vedtak om at eleven/deltakaren skal mista retten til vidaregåande opplæring etter § 4A-3. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skolen.

§ 5-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak om spesialundervisning for elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

§ 7-2

Fylkesrådmannen har fullmakt til å organisera dagleg skyss for elevar som har rett til dette.

Fylkesrådmannen skal hjelpe til med å skaffe losji for elevar i den vidaregåande skolen som bur slik til, eller som har så lang veg, at dei ikkje kan nytta dagleg skyss til skolen.

Opplærings- og helseutvalet har fullmakt til å fastsetja satsar for kost og losji ved internata ved dei vidaregåande skulane.

§ 7-3

Fylkesrådmannen skal organisera skyss for elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom, har rett til skyss.

§ 11-5a

Fylkesrådmannen har fullmakt til å bestemma at skoleutvalet kan vera skolemiljøutval. Fylkesrådmannen har fullmakt til å oppnemna fylkeskommunen sin representant i skolemiljøutvalet.

§ 13-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å organisera skyss for grunnskuleelevar, vaksne, og førskulebarn som har rett til dette.

Forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724

Der forskriftene til opplæringslova plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegne av fylkeskommunen, med unntak av

- § 5-14 Fylkeskommunal klagenemnd har fullmakt.

26. Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova) av 24.11.2000 nr. 82

§ 8 jfr. brev frå Olje- og energidepartementet 07.12.2009

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å gje konsesjon for kraftutbyggingar under 1 MW med dei avgrensingar som departementet har sett.

Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006 nr. 1446

§ 20

Fylkesutvalet er vassregionstyresmakt.

27. Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15.06.2001 nr. 70

§ 9

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i samband med grenseendring eller grensefastsetjing.

28. Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvern) av 14.06.2002 nr 20 med forskrifter

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ivareta fylkeskommunen sine rettar og plikter og å opptre på vegner av fylkeskommunen overfor tilsynsstyresmakter.

29. Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr. 45

§ 5, jfr. § 12

Fylkesrådmannen har fullmakt til å tildela løyve som gjeld godstransport med motorvogn.

§ 6 jfr. § 13

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå samferdselsutvalet, å tildela ruteløyve, og til å gje fråsegn til søknader om bussruter som går gjennom to eller fleire fylker.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje løyvefritak etter yrkestransportforskrifta § 36 med årleg oversikt til fylkesutvalet.

§ 7, jfr. § 13

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå samferdselsutvalet, å tildela løyve for persontransport i rute med luftputefartøy og anna fartøy, med unntak av riksvegferje og til å gje fråsegn til søknader om riksvegferjer.

§ 8

Fylkesutvalet har fullmakt til å avgjera om det skal nyttast anbod ved tildeling av løyver etter §§ 6 og 7.

§ 9 jfr. § 12

Samferdselsutvalet har fullmakt til å fastsetja løyvetal for ordinære drosjeløyve og reserveløyve.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å tildela løyve for persontransport med motorvogn utanom rute, og gje påbod om at det skal skipast drosjesentralar og ordningar for desse.

§ 22

Fylkesutvalet har fullmakt til å yta godtgjersle til rutetransport innan fylket, med unntak av riksvegferjer.

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetja kontraktsform og retningslinjer som skal gjelda ved tildeling av godtgjersle.

§ 28

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje samtykke til overføring av ruteløyve.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje samtykke til overføring av godstransport og løyve for persontransport med motorvogn utanom rute.

§ 29

Det organ som har fullmakt til å tildela løyve har og fullmakt til å tilbakekalla løyvet.

§ 37

Fylkesrådmannen har ansvar for planleggingsoppgåver som er pålagt fylkeskommunen i yrkestransportlova § 37 og i forskrift for sivil transportberedskap.

Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy av 26.03.2003 nr. 401

Fylkesutvalet har fullmakt til å gjera vedtak etter forskrifta §§ 28, 1. ledd og 37.

Fullmakt til å gjera vedtak etter §§ 16 og 18 har den som har fullmakt til å tildela løyve, jfr. § 29 over.

Der forskrifta elles plasserer mynde eller oppgåver til fylkeskommune eller løyvestyresmakt, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegner av fylkeskommunen/løyvestyresmakta.

30. Lov om folkehøgskoler (folkehøgskoleloven) av 06.12.2002 nr. 72

§ 5

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker som gjeld skulen sitt verdigrunnlag og mål når skuleeigar er klageinstans.

31. Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr 56

§ 8, 1.ledd

Opplærings- og helseutvalet har fullmakt til å tildela tilskot til tilbydarar av godkjent fagskoleutdanning etter søknad.

32. Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomloven) av 04.07.2003 nr 83 med forskrifter

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ivareta fylkeskommunen sine rettar og plikter og å opptre på vegner av fylkeskommunen overfor tilsynsstyresmakter.

33. Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova) av 04.07.2003 nr. 84.

§ 2-1, første ledd

Opplærings- og helseutvalet har fullmakt til å gje fråsegn om å godkjenna vidaregåande skular og at ein skule flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune før departementet gjer vedtak.

Opplærings- og helseutvalet har fullmakt til å klaga på departementet sitt vedtak.

§ 3-3, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om omval etter opplæringslova § 3-1 for elevar i vidaregåande skular som er godkjende etter privatskolelova.

§ 3-6, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å utarbeida sakkunnig vurdering, gjera vedtak om spesialundervisning og dekkja utgiftene til slik opplæring.

§ 3-7, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om skyss for elevar i vidaregåande skular godkjende etter privatskolelova og dekking av utgiftene i høve til reglane i oppl. § 13-4.

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2.ledd tek avgjerd i klagesaker etter denne paragrafen.

§ 3-10, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak om bortvisning for resten av skoleåret og om eleven skal mista retten til vidaregåande opplæring etter oppl. § 3-1-når det gjeld vidaregåande skular etter denne lova. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ ved skulen.

§ 5-1

Opplærings- og helseutvalet har fullmakt til å nemna opp ein representant til styret når det gjeld skular som er godkjente etter § 2-1 bokstavane a-d (vidaregåande skular).

34. Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) av 17.06.2005 nr 62

jfr. Forskrift 03.08.2009 nr 1028 om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (byggherreforskriften)

Fylkesrådmannen har fullmakt til å opptre som byggherre på vegner av fylkeskommunen med dei rettar og plikter som forskrifta gir.

35. Lov om akvakultur (akvakulturloven) av 17.06.2005 nr 79

jfr. *Forskrift om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta) av 28.08.2003 nr 1110*
Forskrift om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret av 22.12.2004 nr 1799

Forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder av 22.06.2009 nr 961

Forskrift om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften) av 22.12.2004 nr 1798

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak i saker der fylkeskommunen har avgjerdsmynde etter forskriftene.

36. Lov om mekling og rettgang i sivile saker (tvisteloven) av 17.06. 2005 nr.90.

Fylkesutvalet har fullmakt til å bringa tvistesaker (ta ut stemning) inn for domstolane. Fylkesordføraren har mynde til å gje nokon fullmakt som partsrepresentant for fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har elles fullmakt i saker etter tvistelova.

Fylkesutvalet skal ha melding om saker som gjeld anke, kjæremål eller gjenopptaking, og om forlik og rettskraftig dom.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å engasjera juridisk hjelp.

37. Lov om eigedsregistrering (matrikkelova) av 17.06.2005 nr. 101

§ 9

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja matrikulering av ny grunneigedom, anleggseigedom eller festegrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja matrikulering av umatrikulert grunneigedom eller festegrunn. Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja matrikulering av nytt jordsameige.

§ 14

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja registrering av jordsameige.

§ 17

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja klarlegging av eksisterande grenser utført som særskilt forretning.

§ 18

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja samanslåing av eksisterande matrikkeleiningar.

38. Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven) av 15.05.2008 nr 35

jfr. Forskrift om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsforskriften) av 15.10.2009 nr 1286

Forskrifta § 6-18

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gi uttale om det økonomiske grunnlaget for drift av næringsverksemd.

39. Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr 37

*jfr. Forskrift om delegering av kompetanse til fylkeskommunen til å fatte vedtak om undervisningskvoter etter lov 6. juni 2008 nr 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 13, av 26.10.2009 nr 114
Forskrift om delegering av myndighet til fylkeskommunene etter forskrift 6. mai 1996 nr 414 om forvaltning av sel på norskekysten § 5 - § 9 og § 12, av 29.10.2009 nr 1317
Forskrift om regulering av sel på norskekysten av 22.12.2009 nr 1745*

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak i saker der fylkeskommunen har avgjerdsmynde etter forskriftene.

40. Lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd (omstillingslova) av 06.06.2008 nr. 84

§ 3

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta i mot melding om nedlegging og be om meir informasjon.

§ 5, 1. og 2. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å kalla inn til møte og kartleggja og vurdera tiltak for vidare arbeid eller andre alternativ til å leggja ned bedrifta.

§ 6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera unntak frå råderettsbanda.

§ 7

Fylkesrådmannen kan påleggja den ansvarlege tvangsmulkt og setja frist for betaling. Fylkesutvalet har fullmakt til å redusera eller gje opp tvangsmulka.

§ 8

Fylkesrådmannen kan påleggja den ansvarlege lovbrotsgebyr. Fylkesutvalet har fullmakt til å redusera eller gje opp kravet om lovbrotsgebyr.

Forskrift om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr etter omstillingslova av 24.06.2008 nr. 713:

§ 5, siste ledd

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageorgan.

§ 6

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageorgan.

41. Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr 71

§ 1-9, tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å klaga på enkeltvedtak etter lova dersom vedtaket direkte rører ved fylkeskommunen sitt saksområde.

§ 3-6

Fylkesutvalet har fullmakt til å starta arbeid med planar etter denne lova på område der staten, fylkeskommunen og kommunane saman har ansvar for å løysa planoppgåver av regionalt eller nasjonalt omfang.

§ 3-7

Fylkesutvalet har fullmakt til å vedta å overta heilt eller delvis dei oppgåvene planadministrasjonen i kommunen og fylkeskommunen har med å organisera planarbeidet og utarbeida planforslag.

§ 4-1

Fylkesutvalet har fullmakt til å utarbeida forslag til og vedta planprogram for regionale planar. Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til planprogram for kommunale planar.

§ 5-3

Fylkesrådmannen har fullmakt til å oppretta regionalt planforum etter mandat fastsett av fylkestinget.

§ 5-4

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/samferdselsutvalet, å fremja motsegn til forslag til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.

§ 5-6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å delta i mekling på vegner av fylkeskommunen.

§ 7-2

Fylkesordføreren har fullmakt til å drøfta endringar i regional planstrategi med Kongen.

§ 8-3

Fylkesutvalet har fullmakt til å utarbeida forslag til og vedta planprogram.

Fylkesutvalet har fullmakt til å utarbeida forslag til planprogram for plan med retningslinjer for framtidig utbygging og konsekvensar av planen for miljø og samfunn.

Fylkesutvalet har fullmakt til å utarbeida forslag til regional plan.

§ 9-1

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå kultur- og ressursutvalet/samferdselsutvalet i vegsaker, å be kommunar om samarbeid om planlegging når det er nødvendig for å ivareta omsyn og løysa oppgåver som går ut over den enkelte kommunen.

§ 9-4

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå kultur- og ressursutvalet/samferdselsutvalet i vegsaker, å be kommunar om at arbeidet vert vidareført som regional plan når det er nødvendig for å ivareta omsyn og løysa oppgåver som går ut over den enkelte kommunen.

§ 9-5

Fylkesrådmannen har fullmakt til å mekla etter oppmoding frå kommunane når dei er ueinige om innhaldet i eit samla planforslag.

§ 9-6

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå kultur- og ressursutvalet/samferdselsutvalet i vegsaker, å vedta endring av ein plan som er blitt til i interkommunalt samarbeid.

§ 9-7

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå kultur- og ressursutvalet/samferdselsutvalet i vegsaker, å vedta oppstart av planarbeid.

§ 10-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje kommunane synspunkt til arbeidet med kommunal planstrategi. Synspunkta vert å leggja fram for kultur- og ressursutvalet og fylkesutvalet som melding.

§ 11-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje synspunkt til handlingsdelen i kommuneplanen.

§ 11-12

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot varsel om oppstart av arbeid med kommuneplan.

§ 11-13

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til forslag til planprogram for kommuneplan.

§ 11-14

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å gi fråsegn og fremja motsegn til planforslag.

§ 11-15

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot vedteken kommuneplan.

§ 11-16

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å fremja motsegn til kommuneplanen sin arealdel.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.

§ 11-17

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel.

§ 12-8

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan.

§ 12-9

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til planprogram for reguleringsplan.

§ 12-10

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/samferdselsutvalet, å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar. Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å fremja motsegn til reguleringsplan. Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen ikkje er tiltakshavar.

§ 12-14

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til mindre endring og til oppheving av reguleringsplan.

§ 19-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til søknad om dispensasjon frå planar, plankrav og forbodet i § 1-8.

42. Lov om voksenopplæring (voksenopplæringsloven) av 19.06.2009 nr. 95

§ 6

Opplærings- og helseutvalet har fullmakt til å tildela tilskot til studieforbund. Fylkesutvalet har fullmakt til å gje forskrifter for fordeling av tilskot til vaksenopplæring i studieforbund.

43. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) av 19.06.2009 nr 100

§ 43

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå det aktuelle utvalet, å gi fråsegn til forslag til verneforskrift.

D. DELEGASJON PÅ VEGSEKTOREN

1. Økonomi

1.1. Budsjett

Fylkesutvalet har fullmakt til å foreta midlertidige og varige omdisponeringar mellom postar på fylkesvegbudsjettet.

1.2 Rekneskap

Fylkesrådmannen har fullmakt til å setja av midlar til disposisjonsfond for bruk i seinare år.

1.3. Kontraktar

Investeringsprosjekt

Igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill kroner skal leggjast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å setja i gang andre fylkesvegprosjekt, jamvel om løyvingane strekkjer seg over fleire budsjettår.

Funksjonskontraktar

Fylkesrådmannen har fullmakt til å utlysa og inngå fleirårige funksjonskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fullmakta gjeld også andre fleirårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald.

1.4. Kjøp og sal av eigedom

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å representere fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtaler om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

1.5. Erstatning utanfor kontrakt og avkall på krav
Jfr. B. Delegasjon til fylkesrådmannen pkt. 4.

2. Delegasjon etter særlov

Almindelig borgerlig Straffelov av 22.05.1902 nr 10

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - C. Delegasjon etter særlov pkt. 1

Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr 1

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - C. Delegasjon etter særlov pkt. 2

Lov om tinglysing av 07.06.1935 nr 2

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - C. Delegasjon etter særlov pkt. 6

Lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959 nr 3

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - C. Delegasjon etter særlov pkt. 8

Veglov av 21.06.1963 nr 23

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - C. Delegasjon etter særlov pkt. 11

Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven) av 21.12.1979 nr 77

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - C. Delegasjon etter særlov pkt. 14

Lov om megling i konfliktråd av 15.03.1991 nr. 3

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - C. Delegasjon etter særlov pkt. 21

Lov om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) av 26.06.1992 nr. 86.

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - C. Delegasjon etter særlov pkt. 23

Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) av 17.06.2005 nr 62

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - C. Delegasjon etter særlov pkt. 34

Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17.06.2005 nr 101

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - C. Delegasjon etter særlov pkt. 37